

Eksamen

21.05.2019

FOT3001 Helsefremmande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Fotterapi vg3

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I vurderinga av svaret ditt blir det lagt vekt på at du viser tilstrekkeleg forståing av kompleksiteten i faget. Det blir lagt vekt på at du klarer å formidle kunnskapen din med eigne ord ved å svare på det oppgåveteksten spør etter. Det blir òg lagt vekt på samspelet mellom fagkunnskap og eigen refleksjon i svara dine. Vidare må du vise forståing av kva det vil seie å vere profesjonell i yrkesutøvinga, og du må kunne halde deg til ditt eige kompetanseområde.</p> <p>Dersom du bruker mykje klipp og lim frå andre sine tekstar, kan du få lågare karakter fordi det da er vanskeleg å vurdere kva kompetanse du har.</p> <p>Det må komme tydelig fram kva spørsmål du svarer på.</p>

Oppgåve 1

Som foterapeut vil du møte mange menneske som har fått diagnosen diabetes. Ein av seinkomplikasjonane ved diabetes råkar føtene. Komplikasjonen blir kalla den diabetiske foten.

- a) Forklar kort kva diabetes er.
- b) Gjer greie for korleis diabetessjukdom kan påverke føtene og fothelsa.

Oppgåve 2

På klinikken der du jobbar, får du inn ein pasient på 45 år som har fått diagnosen pes cavus simplex. Pasienten har smerter lateralt i kneet og i hofta. Hoftesmertene går over i nedre del av ryggen.

- a) Vurder kva for analysemetodar du vil bruke for å verifisere diagnosen pes cavus simplex. Grunngi valet av metodar.
- b) Gjer greie for 3–4 styringsfaktorar i sko som er særst viktige ved og har særst stor påverknad på pes cavus simplex. Grunngi kvifor du vel nettopp desse faktorane.

Oppgåve 3

Du har fått i oppgåve å informere sjukepleiarstudentar om korleis vi beveger oss med og utan sko.

- a) Du skal no skildre og forklare fasane i gangsyklusen. Samtidig skal du gjere greie for korleis styringsfaktorane i skoen påverkar dei forskjellige fasane i gangsyklusen.
- b) Prøv med eigne ord å gjere greie for kva smerter og feilstillingar som kan oppstå ved at dei forskjellige styringsfaktorane i sko ikkje er riktige. Grunngi svaret ditt.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I vurderingen av besvarelsen blir det lagt vekt på at du viser tilstrekkelig forståelse av fagets kompleksitet. Det blir lagt vekt på at du klarer å formidle kunnskapen din med egne ord ved å svare på det oppgaveteksten spør etter. Det blir også lagt vekt på samspillet mellom fagkunnskap og egen refleksjon i svarene dine.</p> <p>Videre må du vise forståelse av hva det vil si å være profesjonell i yrkesutøvelsen, og du må kunne holde deg til ditt eget kompetanseområde.</p> <p>Hvis du bruker mye klipp og lim fra andres tekster, kan du få lavere karakter fordi det da er vanskelig å vurdere hvilken kompetanse du har.</p> <p>Det må komme tydelig fram hvilket spørsmål du besvarer.</p>

Oppgave 1

Som foterapeut vil du møte mange mennesker som har fått diagnosen diabetes. En av senkomplikasjonene ved diabetes rammer føttene. Komplikasjonen kalles den diabetiske fot.

- a) Gi en kort beskrivelse av hva diabetes er.
- b) Gjør rede for hvordan diabetessykdom kan påvirke føttene og fothelsen.

Oppgave 2


På klinikken der du jobber, får du inn en pasient på 45 år som har fått diagnosen pes cavus simplex. Pasienten har smerter lateralt i kneet og i hoften. Hoftesmertene går over i nedre del av ryggen.

- a) Vurder hvilke analysemetoder du vil bruke for å verifisere diagnosen pes cavus simplex. Begrunn valget av metoder.
- b) Gjør rede for 3–4 styringsfaktorer i sko som har særs stor betydning ved og påvirkning på pes cavus simplex. Begrunn hvorfor du velger nettopp disse faktorene.

Oppgave 3

Du har fått i oppgave å informere sykepleierstudenter om hvordan man beveger seg med og uten sko.

- a) Du skal nå beskrive og forklare fasene i gangsyklusen. Samtidig skal du gjøre rede for hvordan styringsfaktorene i skoen påvirker de forskjellige fasene i gangsyklusen.
- b) Prøv med egne ord å gjøre rede for hvilke smerter og feilstillinger som kan oppstå ved at de forskjellige styringsfaktorene i sko ikke er riktige. Begrunn svaret ditt.



www.vigoiks.no/eksamen